

## Til Lindås kommune

Alvermarka 6. oktober 2017


Rådmann  
Ordførar

## **Vedlikehald av ballbane i Alvermarka/Ikenberget bustadfelt, på grunn eigmund Lindås kommune.**

Vi viser til samtale med Atle Våge, der saka om støtte til vedlikehald vart løfta og der anbefala framgangsmåte var å sende saka inn som ei forespørsel til leiinga av Lindås kommune.

## Bakgrunn:

Alvermarka og Ikenberget bustadfelt har i si midte ein stor ballbane, der det også er opparbeida ein asfaltert baskeballbane. Denne ligg i Blombakken nedanfor Risbekken (sjå biletet). På området der det gamle velforeingshuset stod, har Alvermarka og Ikenberget velforening eit større prosjekt pågående med opparbeiding av ein aktivitetspark for born i alle aldre. Området er derfor i ein stor oppgraderingsprosess, der målsettinga til Velforeningen er å stimulera til aktivitet og ein sosial møtestad.



Dekket på ball-bana er grus, men dette er det svært lenge sidan har vorte vedlikehalde. Derfor er overflata ujamn, därleg drenerande og därleg grøfta langs kantane. Ein oppgradering av dekket vil auka bruksverdien av bana.

I tillegg har Idrettslaget Alvidra gjeve velforeinga materialar til ein verdi av kr 5000,- som i vinter har vorte nytta som kantar til ei isbane. Denne har vore svært populær, og særleg dei yngste borna har verdsatt ei isbane i sin nærliek. Grunna det ujamne dekket, var det vanskeleg å laga ei tilfredsstillande isbane , sjølv med bistand frå naboar og vaktlaget på brannstasjonen. Isbane er eit prosjekt vi ynskjer å videreføra komande vintrar også.

### Konklusjon:

Grunna pågående aktivitetar sommar og vinter, samt ynskje om auke av desse, så ber vi kommunen om å bistå med maskinell avskraping av grusbana, med tilhøyrande vatring av dekket samt pålegging

av ny grus. Vi ber også om at kantane rundt heile bana vert grøfta på tilfredsstillande måte. Vi er svært takksame for bistand frå driftsavdelinga i kommunen vedrørande prosjektet for heile området, og håpar dette er ei oppgåva kommunen kan støtta oss med.

Med helsing

Hans Kenneth Sundsbø  
Leiar i Alvermarka og Ikenberget Velforeining